

Merknader til ny skulestruktur for vidaregåande skular i Innlandet fylke.

Nokre punkt ut frå røynsle frå Oppland fylkesskulestyre (1976-91), Valdres gymnas/Fagernes vdg. skule og Valdres vdg. skule.

1 Stortinget vedtok i si tid at **450 elevar** bør vera maksimum på ei skule. Jon Lilletun understreka seinare at dette framleis galdt, og var serleg viktig etter nye undervisningsplanar.

2 I Oppland fylkeskulestyre var eg med i ei nemnd som utarbeidde plan for tilbodet i Oppland, med leiar Tore Hagebakken. Eit hovudpunkt me slo fast, var at **Det er like langt frå Lillehammer til Lom som frå Lom til Lillehammer**. Vidare at det skal vera kjernefag i alle regionar (fag alle må få tilbod om), og profilfag kvar skule bør rekne med er med i tilbodet på noko lengre sikt (fag skula sjølv utformer og kan vidareutvikle).

3 Rektor Trygve Bjørge formulerte røynsla om at **Di større kvar skule er, di mindre er kvar elev** (og tilsvarande). Trivselen er oftast størst i mindre skular, og Valdres gymnas laga i si tid eit oversyn som viste at dei flinkaste elevane (preseteristane) kom få dei minste skulane, ikkje dei meir sentraliserde.

4 Blir reisetida for lang for ein elev, stel me mykje av hans tid. Er til dømes reisetida 1 time kvar veg, blir det om lag 400 timar i året. Ville vaksne finne seg i så mykje pliktig reisetid?

*Ivar Aars, lektor/studieinspektør/undervisningsinspektør/kst. rektor ved Valdres gymnas/Fagernes vdg. skule/Valdres vdg. skule. Oppland fylkesskulestyre 16 år.*